

# Kyrkjeblad for Fjaler

Nr. 3 september 2008

66. årgang



**SAMAN  
I TRUA**

**SAMAN  
I KYRKJA**



**STØRST AV ALT**

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



# Guds storleik

Kristuskransen har vore ein del av konfirmasjonsundervisninga dei siste åra. Denne kransen ligg i botn for undervisninga gjennom året, er ein slags basis som undervisninga spring ut ifrå. Når eg møter konfirmantane, og held fram Kristuskransen, pleier eg å seie: "Denne kransen handlar om livet ditt." Kransen fortel om starten på livet og om dåpen, om livet på det jamne – kvardagane. Kristuskransen handlar om gledene, men også om det triste i livet, om sorga. Den handlar om løyndomane – det som ingen andre veit om livet ditt. Kristuskransen handlar om kjærleiken og det gode mellom menneska, om oppstoda og håpet.

Den største perla i Kristuskransen er Gudspërla. Det er ei gullperle. I eit hefte vi brukar til Kristuskransen, kan vi lese denne historia under delen om Gudspërla:

"Ein gamal bestefar låg for døden og barnebarnet hans spurde han om det var noko han ynskte. "Eg ville så gjerne sjå havet før eg dør," sa bestefaren. Då gjekk den vesle guten ned til sjøen og henta ein kopp med sjøvatt, gjekk inn til bestefaren og sa: "Her kjem eg med havet til deg, bestefar."

I heftet står denne kommentaren: "Slik er det nå me menneske skal seia noko om Gud. Gud er alltid større enn orda våre og tankane våre om han. Me vert som den vesle guten som seier "Her kjem eg med havet". Gud er så mykje meir, men samstundes anar me den evige Gud også i den vesle

koppen med vatn. Han er overalt, og han er nær kvart enkelt menneske ... Kristuskransen betyr ikkje at eg har funne alle svara



eller veit alt om Gud. Kransen betyr at eg lengtar etter Gud ... I alle perlene kan du ana glimt av den treeinige, evige og hemmelege Gud."

Eg har nett hatt mitt første møte med dei nye konfirmantane. I denne første samlinga song vi ein salme av diktarpresten Petter Dass, "Herre Gud, ditt dyre namn og ære". Andre verset av denne salmen byrjar slik:

*Gud er Gud, om alle land lå øde,  
Gud er Gud, om alle mann var døde.*

Eg tykkjer dette er eit godt bilete av Gud, og eit godt bilete av mennesket sin plass – under Gud.

Paulus skriv at vi skjønner berre stykkevis medan vi lever på jorda. Men ein gong skal vi kjenna fullt ut. 1. Kor 13

Eg sat på kontoret mitt her forleden og tenkte på følgjande spørsmål: Kva er mest vanskeleg å ikkje forstå? At verdensrommet ikkje sluttar, eller at tida verken har starta eller kan stoppe? Eg landa på tida. Tida er for meg det vanskelegaste. Men tankane mine om både tid og rom gjer at eg kan føle meg både liten og makteslaus.

Eg ønskjer eigentleg å tru at det kanskje kan finnast andre måtar å tenkje på – enn min.

Det er mellom anna her Gud kjem inn. Han har ikkje openberra alt for oss. Vi har fått smake litt av hans herlegdom. Livet kan stundom vere godt. Men vi har ikkje fått smake alt – ikkje enno. Vi har meir i vente!

Slik Paulus så vakkert seier det i Romarbrevet:

*Å, for eit djup av rikdom  
og visdom og kunnskap hos Gud!  
Kor uransakelege hans dommar er,  
og kor ufattelege hans vegar!  
Kven kjende Herrens tankar,  
eller kven var rådgjevaren hans?  
Kven gav han noko først,  
så han skulle få vederlag?  
Av han og ved han og til han er  
alle ting.  
Han vere ære i all æve! Amen*

Rom 11, 33-36

**KAK**



# På Kyrkjebakken



## Smak av Mali på gudstenesta 5.oktober

Dale kyrkjelyd har gjennom mange år støtta landsbyutviklingsprosjekt i Mali. På gudstenesta i Dale kyrkje 5.oktober kl. 11 vert det markering av prosjektet. Vi får ein "smak" av Mali og Afrika gjennom songar ved Cantus. Rigmor Frøyen, områdeleiar i NMS Sunnfjord og tidlegare Malimisjonær, held preika og gir informasjon om arbeidet i Mali. Kvifor skal vi som kyrkjelyd støtte prosjekt i Mali?? Kom til gudstenesta 5.oktober og få vite litt meir om kontakten mellom kyrkjelydar i Fjaler og fulanifolket i Mali. Kyrkjekaffi med god mat på Ljosheim etter gudstenesta.

## Salmekveld i Øn kyrkje

På grunn av andre arrangement i Dale søndag 26. oktober, held Cantus med blandakoret Balsam, vaksne frå Guddal familiekor og Førde kyrkjekor ein stor korkonserter/songgudsteneste i Førde og Øn kyrkjer. Salmekvelden i Øn kyrkje byrjar kl. 16.00. og vi håpar at mange frå Fjaler tek turen til nabokommunen, berre 10 min køyring frå Hellevik, for å oppleve stor korsong. Hovudrepertoaret er seks salmar frå Du lys av lys av Eilert Tøsse, arrangert for blandakor. Etter urfram-

føringa i Molde domkyrkje, uttrykte både songarane og kyrkjelyden glede over dette fine tilfanget av nye salmar. Samarbeidet mellom tekstforfattar Kristin Reitan og komponist Eilert Tøsse tok til etter kyrkerådets salmeverkstad på Lia Gard i 2004. Dei nye salmane blir nå presenterte på eit gunstig tidspunkt, i og med at det blir arbeidd med ny salmebok for Den norske kyrkja. Salmane er både inderlege og uttrykksfulle, og melodiane er svært songbare. Storkoret blir dirigert av Gro Anthun med Mark Taylor på orgel. Jostein Ryland er solist. Det blir også kjende allsongar og kan hende dei ein-skilde kora også bidreg med eigne nummer. Vel møtt til ein stemningsfull salmekveld!

## Takksam for stor gåve til Guddal kyrkje

Guddal kyrkjelyd og Fjaler sokneråd er svært takksam for den store gåva på 50.000 kr til Guddal kyrkje frå dødsbuet til Steinar Sørebbø. Han ønskte å gje denne summen til noko pent i kyrkja. Gåva vil, i samråd med søstera hans Aslaug Heggheim, bli brukt til nye klare innervindauge i kyrkja i staden for "baderomsglasa" som er der i dag og som det ikkje går an å sjå igjennom.



På biletet ser du det store koret som var samla i Dale kyrkje då Per Oddvar Hildre heldt korseminar i 2005.

## Det skjer på Alværa hausten 2008

3.-5.oktober: Aktivitetsleir for 5. til 7. klasse

Pris: 500,-/450,-

Aktivitetsleiren er leiren med m.a. bibeltimar, misjonsmarknad, Sat7, modellfly og slakk line.

Hovudleiar: Anja Birkeland Haraldstad

6.-8. oktober: Haustleir for 2. til 5. klasse

Pris: 500,-/450,-

Haustleir er leiren med bibeltimar om "Guds draum", misjonstivoli, klatrevegg, trampoline, hobbykrok, kiosk, prat på romma, song, god mat. Hovudleiarar: Alice Bjørsvik Kråkenes og Toril Lange.

10.-12.oktober: Familieleir

Sjå Internet for meir informasjon

21.-23. november: SMS-leir for ungdomsskule- og vidaregåandeskulealder

Pris: 580,-/530,- Følg med på Internet for meir info.

For meir info kontakt Alværa

57711757 eller sjå

<http://www.nmsu.no>, region

Bjørgvin.

## Framsidedileta: Med fokus på trusopplæring

Bileta er frå trusopplæringsopplegg for 8- og 4-åringane i Dale kyrkje.

Fotograf: Joy Taylor



## Avskjed med biskop Ole D. Hagesæther som sluttar i tenesta 30. november



**Prosten inviterer** til inspirasjonssamling i Førde 1.-2. november 2008 i høve avskjed med biskop Ole D. Hagesæther som sluttar i tenesta 30. november.

Mange har hatt gode møte med biskopen på visitasar og andre kyrkjelege samlingar og fått inspirasjon gjennom forkynning og samtale. Biskopen vår har på ein særskilt måte sett borna i fokus og gjeve medarbeidarane oppmuntring til frimodig teneste.

### Laurdag 1. november

Kl 12.00 Servering av laurdagsgraut i Førde kyrkjetun

Kl 13.00 Inspirasjonssamling.

Biskopen talar over tema: "Den vesle trua mi" Er den stor nok? Kva skal til for at trua skal få livsrom?

Kl 14.00 Kaffi og samtale.

Kl 14.30 "På kryss og tvers i Sunnfjord prosti med alvor og skjemt"

Kl 16.00 Konsertmesse i Førde

### Sundag 2. november

Kl 11.00 Familiemesse i Førde kyrkje

Kl 12.30 Kyrkjekaffi i Førde kyrkjetun. Høve til å gje biskopen takk og helsingar. Etter ønskje frå biskopen vil han at eventuell gåve vert gjeve til Senter for livsmeistring, på Skei i Jølster.

Laurdagsgraut og kaffi ved inspi-



rasjonssamlinga kostar kr 150 pr pers. Dei som kjøper matbillett får redusert pris på konserten: kr 100. Billettsal ved inngangen.

### Vel møtt til avskjed og takkefest for biskop Ole D. Hagesæther

Reidar A. Knapstad, Prost i Sunnfjord

### Fjaler 2. november

På grunn av at det er Helgemessesundag 2. november vil det i Fjaler, som tidlegare år, bli gudsteneste i begge kyrkjene og begge bedehuskapella på søndagen.

### Konsert i høve biskop Hagesæther sitt besøk i prostiet

Helga 1.-2. november kjem biskop Ole D. Hagesæther til Sunnfjord prosti på sin siste runde i bispedøme som biskop. I det høvet vert det arrangert konsert i **Førde kyrkje laurdag 1. november kl. 16.00**. Dette vert som ei avslutning på ein dag han har hatt med tilsette i prostiet. Men konserten er open for alle.

### "Konsertmesse for helgemessesundag"

vert skrive av Kjell Ivar Aase til 150-års jubileet for Viksdalen kyrkje i 1998. Verket er basert på tekstar av Haldis Reigstad, Bibelen og Altarboka for DNK. I 1998 var biskopen også tilstades ved urframføringa i Viksdalen kyrkje. Dagen etter, på helgemessesundagen, vart konserten framført i Førde kyrkje.

Rekkjefølgje og innhald på konserten er som på ei gudsteneste med salmar, bønner og musikk. Men forsamlinga er lyttarar, ikkje deltakarar. Difor den nesten sjølvmotseiande tittelen: "konsertmesse".

No vert konserten igjen framført i Førde kyrkje. Med unntak av ein ny komposisjon og nokre endringar i arrangement, er verket det same. Denne gongen skal eit felleskor på 60-70 songarar frå Jølster, Naustdal, Førde og Gaular synge saman med Marianne Juvik Sæbø som også song for 10 år sidan. Musikarar på fløyte, saxofon, piano, tangent (orgel) og perkusjon vil også ta del.

*Kjell Ivar Aase*

**"Med skaparverket i fokus":** Friluftsgudsteneste på Kleivane under Fossedalens dag – på ein strålende seinsommandag. Her spelar Andreas Ramstad og Helga Åsnes preludium, medan Sigurd Sande står for altaret, som var pynta med lyng og rognebær.



# NATTVERD – både for born og vaksne!

Før i tida var det obligatorisk altergang for konfirmantane. Det hørde med til konfirmasjonen å motta nattverden for første gong. Å bli konfirmert var mellom anna å få lov å gå til nattverd. Dette er det no heilt slutt på. I kyrkja har det dei siste tiåra vore diskutert alder for å gå til nattverd. Ei tid var alderen sett til 12 år, og ein periode var nattverdaldren 6 år. I dag er det inga aldersgrense. Å bli halden utanfor nattverden, kan vere vondt. Kristin Solli Schøien fortel:

*“Mitt aller første møte med nattverden, var lukten fra mors munn når hun kom tilbake til oss i kirkebenken. Pust på meg, ba jeg. Nærmere kom jeg ikke...”*

*Jeg har vært litt sint. På dem som laget en tolvårsgrense, og hindret meg i å få noe jeg hadde bruk for. Fordi jeg har blitt så glad i og avhengig av reise-måltidet underveis – det som jeg fremdeles ikke forstår.”*

I oldkyrkja var borna med og feira nattverd. Erkebiskop Simeon av Tessalonika sa dette om lag år 200 e Kr: “Dei små borna bør ofte førast til nattverden. Kristus bevarer og styrker dei på den måten. Ein bør ikkje hindre barnet, slik somme vil, frå å delta i nattverden. Dei hevdar at små born ikkje veit kva dei tek imot. Ei slik innvending er tåpeleg og meiningslaus. Kvifor døyper du då?” Vi har omsider sett det som kristne før oss har sett: Heilt fram til 1200-talet var borna med. Bakgrunnen var det jødiske påskemåltidet der borna var viktige og aktive deltakarar. Jesus tok imot borna, og understreka at dei har sin plass i Guds rike. Måltidsfelleskap rundt Jesus inkluderte born. Men då borna forsvann frå nattverd-måltidet, var det nettopp vektleggina omkring nattverden som fellesskapsmåltid som blei borte. I åra etter 1200-talet dreide forståinga av nattverden frå å vere eit fellesskapsmåltid til å bli eit måltid meir knytta til tankane kring mysteriet om



**STØRST AV ALT**

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Jesu krossdød. Synd og tilgjeving blei sterkare vektlagt i nattverden. Som åra gjekk blei kunnskapen og forståinga av nattverden hos den einskilde nattverd-deltakar også meir vektlagt. Det handla om å vere godt nok førebudd til å delta i måltidet. Frå 1736 vart konfirmasjonen gjort til føresetnad for å gå til nattverd. Det er no på tide å gjenreise nattverd-måltidet som fellesskapsmåltid. Alle som er døypt, kan gå til nattverd. Vi er i gong med trusopplæring for borna i Fjaler. I trusopplæringa blir vi utfordra på dette med nattverd. Vi ønskjer å gje borna ei opplæring i nattverden, både teoretisk og praktisk. Borna skal få kjennskap i kva nattverden handlar om. Borna skal få øve i å gå til nattverd – og få smake brød og vin som ikkje er innvigd. Born som er med i nattverdfellesskapen, held eigen kalk (beger) i handa som teikn på at han/ho skal ta imot nattverden. Born som er med i nattverdfellesskapen, og ikkje skal ta imot nattverden, vert velsigna av presten. Det skjer ved at presten legg handa på hovudet til barnet og seier: “Herren Jesus velsigne deg og vare deg,” og teiknar krossteiknet på barnet.



Det er foreldra som avgjer om barnet kan delta i nattverden. Det er viktig at det er avklart på førehand om barnet kan delta i nattverden. Det vil vere vaksne medhjelparar som ser til og hjelper borna undervegs i nattverd-måltidet.

Det er heilt nytt at vi skal ha nattverd på familiegudstenester i Fjaler. På desse familiegudstenestene med nattverd vil vi ha kontinuerleg nattverd der vi deler ut brødet og vinen i midtgangen.

Vi vil begynne med nattverd-undervisning for 6-åringane no i haust, og trur dette er ein passande alder å starte med denne type opplæring.

På familiegudstenestene og nokre andre gudstenester vil det vere kontinuerleg nattverd i midtgangen. Elles er det nattverd med kneling rundt altaret. Per Arne Dahl har skrive: “Nattverden er Guds åpne favn. Over nattverdsbordet står det skrevet: “Adgang tillatt for uvedkommende”. Nattverden er forsmaken på den himmelske bankett. Over nattverdsbordet står det skrevet: “Han som vil at alle mennesker skal bli frelst!”

Per Lønning har skrive: “Kjem me Kristus nære og kjem me menneska nære slik han (Jesus) gjorde det, så ser me at himmelbrød og daglegbrød har noko med kvarandre å gjere. Me kneler og tek imot brødet ved Guds bord – det brødet der Frelsaren sjølv er til stades med sin lekam – og me vert kvarandres lekam, vigsla til å vere eitt, slik Gud har gjort seg til eitt med oss. Brødet er Guds brød. Livet er Guds liv. Saman lever me av Guds brød. Saman er me Guds born. Så lat oss då vere det! Amen.”

Velkommen til nattverd! KAK


# Songar i kyrkja – med engelen Ariella

Denne hausten utvidar vi trusopplæringa vår og startar opp med eit nytt tilbod for 9-åringane. På Guddalen vert tilbodet gjeve til aldersgruppa 7 til 11-år.

Temaet er "Songar i kyrkja - med engelen Ariella". Det vert tre samlingar med variert innhald. Vi skal synge, Mark skal spele, så skal vi ha drama og lek. Tilbodet inneheld to samlingar før gudstenesta og her vert den andre samlinga i lag med det lokale barnekoret eller familieko- ret. Tredje samlinga vert som nemnt knytt opp mot ei gudsteneste. Med dette opplegget ynskjer vi at barna skal få lære songar og liturgi som vert brukt i gudstenesta. I tillegg vil vi at borna skal få oppleve fellesskap og glede. ☺

Så gjenstår det å sjå kva engelen Ariella vil fortelje oss....

Trusopplæringsmedarbeidar  
Bente Kandal



**STØRST AV ALT**

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

## Dale og Flekke:

laurdag 18.oktober,	Dale kyrkje,	kl.10.30 – kl.11.30
måndag 27.oktober,	Ljosheim,	kl.14.45 – kl.16.00
søndag 30.november	Dale kyrkje	kl.19.00 (øve kl.18.30)

## Ytre Fjaler:

søndag 19.oktober,	Hellevik kapell,	kl.14.00 – kl.15.00
måndag 27.oktober,	Hellevik kapell,	kl.18.30 – kl.19.30
søndag 23.november	Folkestad kapell	kl. 11.00 (øve kl.10.30)

## Guddal:

søndag 19.oktober,	Guddal kyrkje,	kl.16.00 – kl.17.00
tysdag 4.november,	Guddal kyrkje,	kl.16.30 – kl.17.30
søndag 16.november	Guddal kyrkje	kl.15.00 (øve kl.10.30)

*Bente skal  
opptre som  
engelen  
Ariella.*



## Eit nytt konfirmasjonsår

Så er konfirmasjonstida begynt igjen med nye konfirmantar.

Konfirmasjonsåret starta allereie før skuleferien. Då hadde vi gudstenester med innskriving av konfirmantane. På desse gudstenestene lev-erte konfirmantane påmeldingane, samt at dei skreiv namnet siitt inn i ein protokoll.

Ein betydeleg del av konfirmasjon- undervisninga er lagt til skuletida. Vi får mellom anna bruke ein heil skuledag, ein konfirmantdag, der alle konfirmantane i Fjaler er samla i Dale, på Ljosheim og i kyrkja.

No er vi i gong. Ei konfirmant- gruppe deltek på gudsteneste 19. oktober i Dale, andre er med på lysmessene. Ein ny Nattcup ventar nye konfirmantar, fredag 24. oktober i Førdehuset. Konfirmantane del-



tek på ein skilde gudstenester i løpet av året, og er faste utdelarar av salmebok/program. Neste år skal dei reise på konfirmanthelg, laurdag og søndag, 28. og 29. mars. Denne helga avsluttar vi med samtalegudsteneste for alle konfirmantane i Fjaler, i Dale kyrkje, søndag 29. mars.

To dagar etterpå, tysdag 31. mars, om ettermiddagen/kvelden, skal alle konfirmantane delta på ein dør-til-dør-aksjon, der dei samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp.

Året blir avslutta med konfirmasjonsgudstenestene i mai 2008, Dale 3. mai, Hellevik og Folkestad 10. mai, og Guddal 21. mai.. Vi håpar konfirmantane får eit godt og utbyterikt år i kyrkjelyden!

# Gode alternativ til plastposen

Det største problemet med plastposane er den korte levetida - vi brukar ein pose i omtrent tju minutt før den blir til avfall. I Noreg brukar vi ein milliard posar kvart år.

Ved å ha handlenett tilgjengeleg i veska, i bilen og heime, kan du avgrense plastposesamlinga heime til det du treng til restavfallet ditt.

## Kva kan du gjere?

Bruk plastposane mange gonger - ta med nokre til butikken når du skal handle.

Skaff deg berenett og bruk dei. Slik har du handlenett tilgjengeleg når du treng dei: Hugs å leggje netta tilbake på sin faste plass etter at du har tømt dei; enten det er i veska, i bilen, på ein knagg ved utgangsdøra eller liknande. Be barna minne deg på å ta med handlenetta.

Det går an å ta miljøomsyn i val av berenett, men endå viktigare er det at du har eit som varer og at du hugsar å bruke det. Då er det til dømes viktig at det er praktisk, og kanskje også at du synest det ser OK ut?

Berenett får du blant anna kjøpt i

veskebutikkar, gåvebutikkar og klesbutikkar, og i nettbutikkar som Grønn Hverdag, byKatari, hippo.no, Lotusbarn.no, baggubag.no, enklereliv.no, akantusworld.no og giga-import.no. Fairtrade-godkjende berenett kan du mellom anna bestille frå Hippo, friendsfairtrade.no, www.oria.se og www.monsoon.co.uk. I skrivande stund har Coop Dale gode berenett til kr.20, og Kiwi har til kr.16.90. Har du stoffrestar og ein symaskin? Det er ikkje vanskeleg å sy eit berenett.

Går du tom for plastposar til restavfallet? Prøv å sortere mest mogeleg avfall og kjøp ein rull med tynne avfallsposar til resten. Dette er billigare, og plastforbruket blir mindre, fordi desse plastposane er tynnare enn bereposane.

## Fakta om ein-gongsposane

I Noreg bruker vi rundt ein milliard plastposar årleg.

Plast vert laga av olje, og det trengs heile to kilo olje for å lage ein kilo plast.

Ein plastpose som hamnar i naturen, varer i mellom ti og

hundre år før den er nedbrotten. På ei avfallsfylling kan det ta oppimot tusen år før den blir borte.

Fleire land og byar i verda er i ferd med å innføre restriksjonar på bruken av plastposar. I tillegg til å medføre eit unødvendig energiforbruk, er plastposane i mange deler av verda eit gedigent forsøpling-sproblem til skade for avløpssystem og dyreliv.

Denne artikkelen er henta frå [www.gronnhverdag.no](http://www.gronnhverdag.no).



# Miljøsiger for norsk sei

No kan du med dokumentert godt samvit ete norsk sei. Alt kommersielt fiske av sei i norske farvatn har blitt sertifisert av det internasjonale MSC-sertifikatet (Marine Stewardship Council). Sertifiseringa er eit bevis på at fisket er berekraftig, ikkje øydelegg økosystemet og at fiskebestanden er forvalta med forsvarlege kvoter.

Tidlegare i sommar blei sertifikatet overlevert administrerende direktør Audun Maråk i Fiskebåtredernes Forbund av ein representant for MSC.

«Miljømerkingen av norsk sei er et viktig tiltak i arbeidet med å doku-

mentere for markedet at norskfanget fisk er høstet lovlig og på ein bærekraftig måte.», seier administrerende direktør Audun Maråk i Fiskebåtredernes Forbund.

MSC blei etablert i 1996 som eit uavhengig miljømerke for fiskeprodukt, som garanterer forbrukaren at produktet stammar frå eit berekraftig fiskeri. Over 220 produkt verda over er merkte av ordninga.

Sertifiseringa er basert på uavhengig forskning, og har som utgangspunkt at både sjølve arten og økosystemet rundt skal takast vare på. WWF var med på etableringa av MSC.

Kysttorsk, uer og norsk hummar langt unna sertifisering

hummar. «Det er illustrerende at disse fiskeriene ikke er i nærheten av å kunne oppnå en slik sertifisering, likevel drives de for fullt – og fullt lovlig», seier Hansson.

Sei er ein populær fisk i Noreg med betydeleg fangst. Årskvota på norskfangta sei er på heile 280 000 tonn. Men fisken er undervurdert i høve til torsk. Seien er billigare enn torsk, har god konsistens og smak, og i tillegg er den no også miljømerka.

Kan vi tilrå omnsbakt sei med tomat, paprika og raudlauk til middag i dag?

Per Steinar Moen.

Henta frå [etiskforbruk.no](http://etiskforbruk.no).



# Mark har bestått!

## Eksamenskonsert og vårtur til Bergen

Laurdag 31. mai reiste dei fleste frå Dale barnekor saman med 3 jenter frå Do Re Mi på "avslutningstur" til Bergen kombinert med ein eksamenskonsert. Konserten i Skjold kyrkje avslutta dirigenten Mark si etterutdanningsstudium i kyrkjeleg barnekorleining ved Norges Musikhøgskole (i samarbeid med Ung Kyrkjesong). Det var eit deltidsstudium spreidd over siste skuleåret verdt 30 studiepoeng med ei blanding av teoretisk og praktisk undervisning. Det var også mykje reising til barnekor miljø rundt om i landet til praksis og observasjon: Kristiansand, Stavanger/Sandnes, Jeløy (Moss), Nordstrand i Oslo/Drammen, Sykkylven og Åsane. Emne i studiet var barnekorleining (inkludert dirigisjonsteknikk), barnekorpedagogikk frå 6 til 15 år, barns vokalanatomi

og stemmefysiologi (songteknikk) og dåpsopplæring og kor i gudstenesta. I tillegg til 3 skriftlege oppgåver var det kollegarettelegg med sluttrapport, DVD-opptak av korøvingar med Do Re Mi og praksismappe med korøvingar med Dale barnekor. Sjølv om det er flott med "auka fagleg ferdigheit og formell yrkesmessig kompetanseheving" er det viktigaste med dette studiet at barn og ungdom i heile Fjaler får eit betre songtilbod og gode musikalske opplevingar ved deltaking i aktivitetar i kyrkja. At barna kan lære betre å bruke og ha glede av det instrumentet som dei ber med seg heile livet er uhyre viktig – og Den Norske Kyrkja er ei syngjande kyrkje – songar og salmar som ein lærer som barn har ein bruk for seinare i livet. Samlinger i kyrkja hadde vore triste saker utan song! Mark vil rette ei kjempestor takk til

barna i Dale barnekor og Do Re Mi som stilte opp som eksamenskor. Dei var kjempeflinke til å lære alle songane utanåt og ungane fekk mykje ros av sensoren og andre kordirigentar som var på konserten! Framføringa i Skjold var det beste dei gjorde dette skuleåret. Det var mange gode solistar og små grupper som song – ein styrke for kora. Vi er stolte over å ha barnekor som kan reise til byen og halde konsert. Som "belønning" for innsatsen hadde vi ein hyggeleg formiddag på Vannkanten Badeland med pizzafest på Peppes Pizza. Det var også tid til litt shopping på Vestkanten. Takk til Knut Arne og alle foreldra som køyrde barna til og frå Bergen. Og takk til Skjold kyrkje som hadde frukt og pølser med brød klare til barna før konserten og is etterpå! Alle gjorde det til ein trivelig dag!

Tekst: MT - Foto: KAK





Mark dirigerer barna på øvinga i Skjold kyrkje



Lea og Ada nyt ein is etter konserten.



← Dei yngre barna frå Dale viser stor konsentrasjon – alle var flinke til å sjå på Mark mens han dirigerte.



Andrea, Rebecca, Ota, Rebekka og Tuva ventar spent på at konserten skal byrje.

Dei eldste → songarane frå Dale viste mykje godt humør på turen. På vegen heim i bilen song dei alle songane om att heilt til Lavikdalen! Melodiane og tekstane av desse fine songane sit igjen i hovuda våre.



Do Re Mi-jentene Lene, Andrea og Ingunn viser stor songglede. →



# Større openheit vil redde fleire born

– Barn si smerte er noko vi prøver å verje oss mot, difor blir det snakka lite om at vaksne sitt misbruk også er eit problem for borna. Det gjer det nærast umogeleg for born å snakke om det dei opplever når mor eller far drikk, seier Frid Hansen, fagambassadør for TV-aksjonen Blå Kors.

Frid Hansen er psykologspesialist og fagsjef ved Borgestadklinikken i Skien, Blå Kors sin største behandlingssklinik. Ho har lenge arbeidd med born som veks opp i familiar prega av rusmisbruk, og har blitt heidra for arbeidet sitt mange gonger.

– Mi erfaring er at rusmisbruk framleis er eit tabuområde i det norske samfunnet. Mytane er at problema berre råkar nokre få, og at det råkar folk som er annleis. Men sanninga er at mange av oss kan utvikle eit problematisk tilhøve til rusmiddel for kortare eller lengre periodar i livet. Det er dessutan sjeldan du kan sjå på folk at dei har eit rusproblem som går utover eit barn si utvikling.

Vaksne prøver å verne borna gjennom å bagatellisere og fornekte. For born som treng ei forklaring på kvifor mor og far er annleis, skaper det usikkerheit. Trøyst, vern og tryggleik er det born treng mest av alt, men paradokset er at born av rusmisbrukarar ofte endar med å måtte gje omsorg og tryggleik, og ikkje få, seier Frid.

Frid Hansen har i ei årrekke vore oppteken av borna i rusfamiliane.

*Maria Haukaas Storeng er ein av fleire kjentfolk som har sagt ja til å vere ambassadør for årets TV-aksjon.*

*– Eg er stolt over å få vere ambassadør for TV-aksjonen 2008, og gleder meg til å vere med. Barn blir opplært til å tie om sine foreldres rusmisbruk. Eg håpar at mitt engasjement kan medverke til å skape større openheit, seier Maria Haukaas Storeng som gjorde ein strålende innsats for Noreg under årets Melodi Grand Prix.*

Ho har hjulpet eit stort tal born gjennom å drive rusbehandling i eit familieperspektiv.

Frid har sett mange born som tek altfor mykje ansvar, og kor slitne dei kan vere. Mange av borna som veks opp i familiar prega av rusmisbruk, ber på løyndommar om foreldra sitt misbruk og bruker mykje krefter på å skjule at familien deira ikkje er som andre familiar.

Å vekse opp i ein heim prega av rusmisbruk, er ikkje berre problematisk for borna mens dei er små. Mange av disse borna held fram med å ha problem seinare i livet. Frid veit kva som skal til:

– Større openheit vil gjere det lettare å nå borna som er råka av rusmisbruk. Då har vi høve til å endre mykje, nokre få samtaler kan vere nok til at mange skal klare seg bra.

– Gjennom årets TV-aksjon har vi ein god sjanse for å skape openheit rundt konsekvensane vaksne sitt rusmisbruk får på born. Det betyr at vi kan redde mange små menneske som i dag er opplærte til å teie for einkvar pris, avsluttar Frid.



## Dette vil TV-aksjonen Blå Kors 2008

Vi skal sørge for at born i Noreg som veks opp i familiar prega av rusmisbruk får vere born.

Born som veks opp i familiar med rusmisbruk mister barndommen sin. Dei får ofte mangelfull omsorg og må i mange tilfelle ta på seg dei vaksne sine oppgåver og ansvar. TV-aksjonen Blå Kors skal sørge for at fleire av desse borna får barndommen tilbake.

### **Vi skal hindre at rusmisbruk går i arv.**

Vi skal sørge for at born som er oppvaksne i heimar prega av rusmisbruk, får hjelp og oppfølging som kan minske sjansane for at dei sjølve vert avhengige av rusmiddel. Vi skal opprette behandlingstilbod i Noreg for born som veks opp i familiar med rusavhengige og sørge for at dei får hjelp og sjanse til eit betre vaksenliv.

### **Vi skal synleggjere kva konsekvensar vaksne sitt rusmisbruk får for borna.**

Born som veks opp i familiar prega av rusmisbruk, er ofte svært lojale overfor foreldra og gjer ofte kva som helst for å skjule at familien deira ikkje er som andre familiar. Ved å setje søkjelys på korleis rusmisbruket til dei vaksne pregar borna, vil TV-aksjonen Blå Kors medverke til at fleire born blir sett og får hjelp.

### **Vi skal sørge for at born også utanfor Noreg sine grenser som lir under vaksnes eller eige rusmisbruk får den hjelpa dei treng.**

Vi skal støtte og drifte prosjekt for born og unge i blant anna Ukraina, fleire afrikanske land, Brasil og India, der rusproblem forverrar ein allereie vanskeleg kvardag.

Prosjekt som tek i mot midlar frå TV-aksjonen Blå Kors, er behandlingstilbod og tiltak som elles ikkje ville blitt realiserte.

**Norges Kristne Råd seier: Det er viktig at kristne i Noreg no mobiliserer og stiller opp for å løfte fram utfordringar knytte til rus, og gir dei barna som er berørte ei tydeleg stemme! Norges Kristne Råd oppfordrar difor sine medlemssamfunn til å setje av dagen og mobilisere for bøssebering, og la dette bli dagens bønn i handling 19.oktober.**

Med venleg helsing  
TV-aksjonen Blå Kors 2008

# Kyrkjeverja har Ordet



## "Flyttar gravplassen over elva igjen"

Slik sto det å lese i avisa Firda 25. juni i samband med at Fjaler kommune rullerer kommuneplanen. Så då er ein tilbake der ein starta i 1997 då arbeidet med å utvide kyrkjegarden i Dale tok til. "Området mellom kyrkjegarden, Ljosheim og badet" er det som ligg inne i planen i tillegg til at arealet på Øyra framleis ligg der. Øyra er det framlegg om å sløyfe av økonomiske grunnar. Men området ved badet er vurdert tidlegare til å vere for lite og ueigna, og vil ikkje bli godkjent av bispedømerådet, som ber kommunen om snarast å greie ut nytt areal.

Dale kyrkjegard må vere ferdig utvida før 2010 fastslo kyrkjeverja i 2001. Departementet sin kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg som var på synfaring i slutten av april undra seg, etter å ha sett seg om på kyrkjegarden, over om kyrkjeverja får sove om natta når det er så få ledige graver att. I notatet etter synfaringa skriv han m.a. at kyrkjegarden ikkje er i lovleg stand og at det er presserande å kome i gong med



*Utfordrande gravearbeid for vår dyktige gravar.*

nyanlegget i Dale. I tillegg til at mange av gravene er under minstemålet, skal det også til ei kvar tid vere eit nytt og ubrukt areal med

graver nok til minst 3 % av folketalet i kommunen. I Dale finst det ikkje slike graver i dag, då det berre er gjenbruk av graver som er sletta.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!



## Lysgloben i Dale kyrkje vert flytta bak i kyrkja

Lysgloben i Dale kyrkje har stått ved klokkarpulten framme i koret. Soknerådet ønskjer å gjere den meir tilgjengeleg for kyrkjelyden og flytter den bak i kyrkja. No blir den i dei fleste gudstenestene ståande bakarst på venstre sida når du kjem inn i kyrkja. Du er

velkomen til å tenne eit lys, dersom du ønskjer det, når du kjem til gudsteneste. På einskilde gudstenester som til dømes ved konfirmasjonen vil den stå framme i koret.

# Fyndord

- Hvor viljen er til stede, finnes alltid en vei.  
*Roald Amundsen*
- Livet er hverken så godt eller så vondt som man tror.  
*Guy de Maupassant*
- Hindringer er de fryktelige tingene man ser når man tar øynene bort fra målet.  
*Elbert Hubbard*
- Livet må leves forlengs og forstås baklengs.  
*Søren Kirkegaard*
- Vi bør konsentrere oss om fremtiden, det er der vi skal være resten av livet.  
*Mark Twain*
- En glede driver hundre sorger på flukt.  
*Lao-tse*
- Det som ikke ødelegger meg, gjør meg sterkere.  
*Friedrich Nietzsche*



# I kyrkjelyden sidan sist

## Dale:

### Døpte:

Elise Sande  
Sara Schürholz Strandenes  
Linn Meng Bjørvik  
Aurora Bjergene Kleppe  
Linnea Bjergene Kleppe  
Stian Saugerud Standnes

### Vigde:

Ann Helen Askeland og Roy Arne Hofstad  
Ingvild Wessel Alisøy og Oddvar Gjerløw  
Monika Sande og Asgeir Nore  
Sølvi Ann Solheim og Magne Atle Løkkebø

### Avdøde:

Johanna Steiestøl	f. 1916
Einar Hilmar Ullebø	f. 1946
Konrad Gotleif Nybø	f. 1915
Ola Martin Sagevik	f. 1923
Amanda Marie Jørgensen	f. 1914
Lars Eikevik	f. 1918

## Folkestad:

### Døpte:

Abel Berger Follevåg  
Elise Bygstad Skår (døpt ved Korssundkrossen)

### Vigde:

Annette Løvang og Finn Erik Myklebust

### Avdøde:

Helga Johanne Herland	f. 1912
-----------------------	---------

## Guddal:

### Døpte:

Erlend Guddal Hovland  
Hermann Guddal Hegland

### Avdøde:

Agnes Ulvedal	f. 1924
---------------	---------

# Konsert med SUS

Søndag 28. september kl. 19.30 arrangerer gruppa SUS konsert i Dale kyrkje. Konserten er kalla "Lei oss over stjernebru" og er ei samling religiøse folketonar presentert vokalt akkompagnert av trekkspel, hardingfele og diverse fløyter.

SUS er ei gruppe musikarar som har jobba saman musikalsk i ymse samanhengar, men som først det siste året har etablert seg som ei sjølvstendig gruppe med utarbeiding av eit eige konsertprogram.

Konserten er sett saman av religiøse folketonar frå ulike stader i landet, til dømes nokre frå Nordhordland og kystdistrikta på Vestlandet. På programmet står også nokre danseslåttar som høver inn i stemninga. Sus ønskjer at konserten skal bidra til ro og ettertanke, at musikken kan knyta band til dei musikalske røtene våre. Med utgangspunkt i det tradisjonelle presenterer dei folketonane utan for mykje "staffasje", men med sin eigen vri.

## MUSIKARANE I SUS ER:

### Eirin B. Åserud – vokal

Eirin Åserud er utdanna lærar med mellomfag i musikk frå Bergen lærarhøgskule. Song er hovudinstrumentet hennar, og ho har lang og allsidig bakgrunn både i kor (m.a. Voci Nobili) og som solist. Eirin er busett i Meland kommune, arbeider til dagleg som lærar på Hordvik skule og studerer "Kirkelig Barnekorledelse" på deltid ved Musikkhøgskulen (i samarbeid med Ung Kirkesang) i Oslo. Eirin har også bygd opp eit nytt barne- og ungdomskantori i Meland, Octavia. Dette koret har allereie nådd svært langt. Ho har også grunnlagt Maria Barnekantori i Bergen, knytt til Mariakirken.

### Eva Marie Toppe – vokal, hardingfele

Eva Marie Toppe har mellomfag i musikk frå Høgskulen i Bergen og studerer for tida musikkterapi ved Griegakademiet.

Ho er busett i Bergen kommune, Åsane, der ho driv gard og gartneri saman med familien. Hardingfele er hovudinstrumentet til Eva Marie, men også folkesong/kveding. Eva Marie har delteke på ei rekkje med kurs som instruktør, og har undervist born både i hardingfelespel og song. Det siste året har Eva Marie hatt 20 skulekonsertar i Bergen og omegn med folketonar, og ho reiser også rundt med eit konsertopplegg til aldersheimar i regi av Folkeakademiet.

### Dag Olav Larsen – diverse fløyter

Dag Olav Larsen er lektor og underviser ungdomar ved St. Paul skule i Bergen. Han er ekte bygut med diverse fløyter som følgjesveinar i livet. Dag Olav er kjent så vel i det Bergenske musikklivet som i resten av landet. Han har vore aktiv utøvar i snart 30 år innanfor dei fleste sjangrar: latinamerikansk, klassisk, vise, middelalder – det meste. Han har også vore med på innspeling av filmmusikk og fleire cd-innspelingar, nemner her: "Musikkeventyr" av Anne Regine Kayser og "Rino og den magiske fløyten" saman med mellom anna Iver Kolve og Gabriel Fliflet.



### Haakon Gunnar Aase – trekkspel

Haakon Aase er busett i Meland kommune og har spela trekkspel sidan han var 14 år. Musikalsk har Haakon vore med på det meste frå låvedans til kyrkjespel. Han har turnert med visesongaren Johannes Kleppevik, han spelar jazz og klassiske stykke og akkompagnerer like gjerne amatør som profesjonell. Folkemusikk står kanskje Haakon sitt hjarte nærast, og han har mellom anna jobba mykje med å overføre hardingfelestoff til trekkspelet. Til dagleg arbeider Haakon med gråstein, restaurerer gamle tørrmurar og byggjer nye. Konserten i Dale Kyrkje går inn i ein turneplan for vår/sommar/haust 2008. SUS vil vitja kyrkjer i Bergen, Nordhordland, Voss, Hardanger, Sunnfjord og Nordfjord. Vel møtt til konsert i Dale Kyrkje!

Med venleg helsing  
**Kristine Fluge**  
arrangør  
SUS

sjå innom nettsida vår:

[www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

Korleis har du det...

**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
Epost-teneste: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å PRATE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

# Velkommen til kyrkje

## DALE KYRKJE

**Sundag 21. september kl.11:00**

Haustrakkefest ved Kummeneje og Taylor. Dale barnekor, Bente Kandal og 6-åringane deltek. Utdeling av 6-årsboka. Dåp og nattverd. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

**Sundag 28. september kl.19:30**

Konsert: Religiøse folketonar frå Vestlandet med SUS: vokal, hardingfele, fløyter og trekkspel Billettsal kr 120,-.

**Sundag 5. oktober kl.11:00**

Misjons gudsteneste med Sande, Taylor og Rigmor Frøyen. Cantus deltek. Nattverd. Kyrkjekaffi på Ljosheim. Offer til Landsbyutvikling i Mali – NMS-Misjonsprosjektet vårt. Kyrkjeskysst frå Straumsnes og frå Helsetunet.

**Sundag 19. oktober kl.11:00**

Temagudsteneste for Nord-Sør søndag ved Kummeneje og Taylor. Konfirmantane deltek. Dåp. Offer til Blå Kors TV-aksjonen.

**Sundag 2. november kl.11:00**

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Helgemesse. Vi minnest våre døde. Cantus deltek. Nattverd. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin. Kyrkjeskysst frå Straumsnes.

**Sundag 16. november kl.11:00**

Familiegudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Utdeling av 4 årsbok. Laurdagsklubben og Bente Kandal deltek. Kyrkjekaffi og Orgelbrus på Ljosheim etterpå. Offer til Sogn og Fj Søndagsskulekrins. Kyrkjeskysst frå Helsetunet.

**Sundag 30. november kl.19:00**

Lysmesse ved Kummeneje og Taylor. Barnekoret, 9 åringar, elevar frå Dingemoen skule og konfirmantar deltek. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet.

**Sundag 14. desember kl.11:00**

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Nattverd. Offer til Strømmestiftelsen.

**Tysdag 16. desember kl.19:30**

Julekonserten. Kollekt til Fond for Kyrkjekonsertar.

## FOLKESTAD BEDEHUSKAPPELL

**Sundag 12. oktober kl.11:00**

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Nattverd. Offer til Landsbyutvikling i Mali – NMS-prosjektet vårt.

**Sundag 2. november kl.19:30**

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Helgemesse. Vi minnest våre døde. Nattverd. Offer til Folkestad bedehuskapell.

**Sundag 23. november kl.11:00**

Familiegudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Utdeling

av 4-årsbok. Do Re Mi, 9 åringar og Bente Kandal deltek. Kyrkjekaffi og Orgelbrus etterpå. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet.

**Sundag 7. desember kl.17:00**

Julekonsert med Fure og Våge Songlag og Do Re Mi. Billettsal kr 100,-.

## GUDDAL KYRKJE

**Sundag 5. oktober kl.14:00**

Haustrakkefest ved Kummeneje og Taylor. Familiekoret deltek. Offer til Landsbyutvikling i Mali – NMS-prosjektet vårt. Kyrkjeskysst.

**Sundag 2. november kl.20:00**

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Helgemesse. Vi minnest våre døde. Dei vaksne frå familiekoret deltek. Nattverd. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin. Kyrkjeskysst.

**Sundag 16. november kl.15:00**

Familiegudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Utdeling av 4-årsbok og 6-års bok. Familiekoret, 9-åringar og Bente Kandal deltek. Kyrkjekaffi og Orgelbrus etterpå. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet. Kyrkjeskysst.

**Sundag 7. desember kl.20:00**

Lysmesse ved Sande og Taylor. Familiekoret, skuleelevar og konfirmanten deltek. Offer til Alværa Misjonscenter.

## HELLEVIK BEDEHUSKAPPELL

**Sundag 21. september kl.14:00**

Haustrakkefest ved Kummeneje og Taylor. Do Re Mi og 6-åringane deltek. Utdeling av 6-årsboka. Nattverd. Offer til Landsbyutvikling i Mali – NMS-prosjektet vårt.

**Sundag 2. november kl.11:00**

Gudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Helgemesse. Vi minnest våre døde. Nattverd. Offer til Hellevik bedehuskapell.

**Sundag 14. desember kl.19:00**

Lysmesse ved Kummeneje og Taylor. Do Re Mi og konfirmantane deltek. Offer til Barne og ungdomsarbeidet.

## ANDRE GUDSTENESTER

### STRAUMSNES GRENDAHUS

**Sundag 28. september kl.14:00**

Gudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Kyrkjekaffi. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.

### STRAUMSNES GRENDAHUS

**Sundag 9. november kl.14:00**

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Kyrkjekaffi. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.

## ØN KYRKJE

**Sundag 26. oktober kl.16:00**

Korkonsert "Du lys av lys" av Eilert Tøsse med Cantus, Balsam, Førde kyrkjekor og vaksne frå Guddal familiekor.

# SPRELL LEVENDE LAURDAGSKLUBBEN

## Laurdagsklubb i Guddal – nytt tiltak!

Det er 10 år sidan Laurdagsklubben starta opp i Dale, og det er ikkje få born som har vore innom i løpet av dei åra. No vil tre damer i Guddal starte opp eigen Laurdagsklubb der. Ingebjørg Gallefoss er hovudansvarleg, og ho har med seg Davida Kalstad og Liv Svanhild Langeland. Etter planen skal dei vere på skulen, og datoane som er sett opp er: laurdag 13. september, laurdag 18. oktober, og laurdag 29. november, frå kl. 11.00 – 12.00.

Ta kontakt med Ingebjørg på 57 73 88 65 / 974 89 970 for meir informasjon. Kom og bli med!



**Laurdagsklubben i Dale** held fram som før, med bibelforteljingar, songstund, saft- og kjeks-pause, leik, spel, og teikning. For dei minste borna er det ofte fint om foreldra er saman med dei. Vi brukar vere mange vaksne som er på Laurdagsklubben, og det vert tid til litt kaffi og ein prat for oss også.

Vi møter på følgjande datoar i 2. halvåret:

laurdag 30. august  
laurdag 13. september  
laurdag 27. september  
laurdag 18. oktober  
laurdag 1. november  
søndag 16. november - vi syng på familiegudstenesta i Dale  
laurdag 29. november  
laurdag 27. desember - øving til julefesten kl 11 på Ljosheim  
søndag 28. desember kl 15.00  
JULEFEST på Ljosheim

Stad: Ljosheim  
Tid: kl. 10.30-12.00  
Leiarar: Gro S Kummeneje, Knut Arne Kummeneje, og Joy Taylor.



## Kyrkjeblad for Fjaler

**Redaksjon:** Sigurd Sande  
Joy Taylor  
Per Nistad

**Redaksjon og ekspedisjon:**  
Kyrkjekontoret, p.b. 18, 6961 Dale  
Kontonr. 3755.20.73135  
**Bladpengar kr. 150,-/175,- for året.**  
**Prent:** Ingvald Husabø Prenteverk a.s,  
6863 Leikanger

## Kyrkja i Fjaler

**Heimeside:** [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)  
**Kyrkjekontoret, pb 18, 6961 Dale.**  
**Telefon 57 73 63 30**  
**Telefaks 57 73 66 31**  
kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no  
kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no  
knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no  
sigurd.sande@fjaler.kyrkja.no  
kantor@fjaler.kyrkja.no

**Kontoret er ope**  
måndag-torsdag 9.00-14.00  
fredag 9.00-12.00  
Måndag er fridag for prestane.  
Kantor har fri kvar torsdag

**Privat-telefon**  
Sokneprest Knut Arne Kummeneje  
tlf. 57 73 86 32/mobil 90 85 52 30  
Seniorprest Sigurd Sande  
tlf. 57 73 61 44/mobil 90 89 73 17  
Kantor  
Mark Taylor tlf. 57 73 61 65  
Sekretær  
Joy Taylor tlf. 57 73 61 65  
Kyrkjeverje  
Irene Fløde tlf. 57 73 68 82

**Kyrkjetenarar:**  
Dale kyrkje  
Joy Taylor tlf. 57 73 61 65

Guddal kyrkje  
Liv Svanhild og Reidar Langeland  
tlf 57 73 88 21

Hellevik- og Folkestad  
Bedehuskapell  
Sigrid Kleppe tlf. 57 73 53 57

**Fjaler sokneråd**  
Leiar Terje Halsnes tlf 57 73 55 95

**Graving**  
Reidar Langeland tlf. 57 73 88 21

**Beredskapstelefon ved akutt behov utanfor kontortid 95 48 31 52**



## Hovland søndagsskule

Om lag ein gong i månaden inviterer Kari Hovland Sæle born til søndagsskule i Hovland bedehus;

"Vårvon". Her er ungar frå 5 år og oppover hjarteleg velkomne. Kari ringjer til borna og finn ein dag som passar for flest mogeleg. Dersom du ikkje har vore med tidlegare, så ta kontakt med Kari på telefon 57 73 86 42.

## Våge søndagsskule

har samling i småsalen i Folkestad bedehuskapell annankvar søndag kl. 11:00. Men dersom det kolliderer med den søndagen det er gudsteneste, blir det anten søndagen før eller søndagen etter. Dei følgjer Norsk Søndagsskuleforbund sitt opplegg. Ruth Skår og medhjelparar ønskjer born frå fireårsalderen og oppover hjarteleg velkomne, og gjerne saman med følgje. Ønskjer du å vite meir, så ring til Ruth på telefon 57 73 75 35.

*Soknepresten var vigslar og kantor forsongar*



## Det nye gravfeltet ved Folkestad gravplass vart vigsla søndag 31. august i strålende sol

Det er ein eigen liturgi for vigsling av kyrkjegardar, og det var sokneprest Knut Arne Kummeneje som føresto vigslinga med kantor Mark Taylor som forsongar ved salmane. Det nye gravfeltet ligg fint til nede ved sjøen, og arealet er utnytta maksimalt for å få flest mogeleg graver – knapt hundre. Entreprenør har vore Kåre Haaland A/S og Fjaler kommune har stått for finansieringa. Anlegg og utviding av kyrkjegard (skaffe areal og finansiere) er eit kommunalt ansvar, men det er fellesrådet (her soknerådet) som har ansvar for forvaltinga av kyrkjegardane.

Før vigslinga kosa folk seg med kake og kaffi i bedehuskjellaren. Så gjekk forsamlinga i prosesjon via den gamle gravplassen ned til det nye gravfeltet. Ofte er det prosten som er vigslar, men han var oppteken andre stadar i

*Gravfeltet ligg fint til nede ved sjøen.*

prostiet. Kommunen var representert ved varaordførar Ainor Fristad Naustdal, og av Atle Strand som har hatt prosjektleiinga. Fjaler sokneråd var representert ved nestleiar Oddrun Yndestad og dei to lokale medlemene Ivar Haugen og Ann Kviteberg. Gravar Reidar Langeland var involvert i pros-

essen ved planlegginga og var også tilstades, og det var også kyrkjetenar Sigrid Kleppe. Takk også til bygdefolket som møtte opp og var til stades ved vigslinga.

Sjølv om gravfeltet no er vigsla, vil det ikkje bli teke i bruk før tidlegast på nyåret.

*If*

